
Saksnr: 2023/59288-43**Saksbehandlar:** Ingelin Malene Malkenes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		12.02.2025

Fordeling av midlar til transport og tannhelsehjelp til papirlause menneske

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering tildeler Kirkens bymisjon, Kristent interkulturelt arbeid (KIA) Vest og Mennesker i Limbo 1 500 000 kr til å vidareføre transportstønad til papirlause menneske. På vegne av alle aktørane administrerer KIA utdeling av Skyss-kort til papirlause menneske.
2. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering tildeler Kirkens bymisjon 400 000 kroner til å vidareføre tilbod om naudsynt tannhelsehjelp for papirlause menneske.
3. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering ber om at organisasjonane leverer ein rapport om bruken av midlane innan utgangen av november 2025.

Samandrag

Fylkestinget vedtok i PS 138/2024 12.12.24 å løyve 1,5 millionar til transport og opplæring og 400 000 kroner til naudsynt tannhelsehjelp for papirlause menneske. I denne saka tilrår direktør å fordele midlar til transportstønad til Kristent Interkulturelt arbeid Vest (KIA Vest), Mennesker i Limbo og Kirkens bymisjon, og midlane til tannhelsehjelp til papirlause til Kirkens bymisjon.

Direktør tilrår at Hovudutval for kultur, idrett og inkludering ber om at organisasjonane leverer ein rapport om bruken av midlane innan utgangen av november 2025.

Per Morten Ekerhovd
direktør
kultur og folkehelse (KFO)

Britt Karen Spjeldkultur og folkehelse
seksjonsleiar
KFO - fysisk aktivitet og inkludering

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok i PS 138/2024 12.12.24 å vidareføre 1,5 millionar til transport og opplæring i tråd med tidlegare vedtak, samt 400 000 kroner til å vidareføre naudsynt tannhelsehjelp for papirlause menneske. Fylkestinget viste til sak om papirlause menneske som vart vedteken i fylkestinget PS 154/24. For utfyllande informasjon om tidlegare vedtak sjå RS 62/24 frå møte i Hovudutval for kultur, idrett og inkludering 05.09.24.

Frå sektorbudsjett 2025 for kultur og folkehelse – oppfølging av budsjettvedtak i PS 138/24 i Fylkestinget 12.12.24: Direktør tilrår at ein i samarbeid med dei tre frivillige organisasjonane som fekk transportstønad i fjor fordelar midlane etter tydelege behov, og at Kirkens bymisjon forvaltar midlane til tannhelsehjelp.

Direktør sine forslag til vedtak i saka er basert på rapportar, møter og dialog med organisasjonane. Organisasjonane er sameinte om at det administrativt fungerer godt med at KIA administrerer utdeling av Skyss-kort til papirlause menneske, då dei har ei god ordning på dette. KIA har også bedt papirlause menneske som bur utanfor mottak framvise bevis på at dei har fått endeleg avslag frå Utlendingsnemnda. Transport i form av reiser til ambassade, advokat og liknande, ordnar kvar enkelt organisasjon sjølv. Basert på rapportert behov, delast det difor ut ein eigen sum til dette til organisasjonane. Desse tildelingane gjeld innan tildelinga på 1,5 millionar kroner og tilbakeførast til KIA til kjøp av Skyss-kort dersom det ikkje er brukt innan november 2025.

Dei tre organisasjonane som fekk midlar til transport for papirlause rapporterer at det har vore vanskeleg å kjøpe enkeltbillettar til reiser, då dei papirlause menneska ikkje har ID eller personnummer. Dei legg også til grunn at det er usannsynleg at folk oppsøker dei for å be om pengar til ei enkelt reise til helsesenter el. I rapportar og i dialog omtaler dei tydinga transportstønaden har hatt for livskvaliteten til papirlause menneske som svært positiv. Dei kan fortelje om korleis fleire har fått god nok livskvalitet til å ta val om livet vidare. Nokon har fått hjelp til assistert retur, andre har flytta inn på mottak eller til familiemedlemmar.

Papirlause menneske har ikkje løyve til å tene eigne pengar til livsopphald. Dei papirlause menneska har sjølv omtalt busskortet som verdigheitskortet. Utdeling av Skyss-kort gjev dei papirlause moglegheita til å reise for å kjøpe medisinar og mat, til å delta på gratis aktivitetar og bevege seg fritt utan å bruke pengar dei treng til mat, medisinar, klede med meir. I kunnskapsgrunnlaget om papirlause menneske i Vestland kan ein mellom anna lese at ordninga med halvårskort har vore ein kjempesuksess som har auka livskvaliteten.

Tannhelse:

Kirkens bymisjon melder om auka livskvalitet for dei papirlause menneska som har fått tannhelsehjelp som følgje av tildelinga frå Vestland fylkeskommune.

Opplæring:

Vestland fylkeskommune følgjer med på om det vert praktisert å ta inn papirlause menneske på vidaregåande opplæring der det er ledig plass, og har sendt ut spørjeundersøking til rektorar ved dei vidaregåande skulane i fylket. Det er ikkje ekstraordinære kostandar knytt til tilbod om plass på vidaregåande skular der det er ledig plass, og det settast difor ikkje av pengar frå budsjettet til dette.

Politikkforming på feltet

05.12.2024 vart det levert skriftleg spørsmål til helse og omsorgsministeren frå Marian Hussein (SV). Spørsmålet var: Når kjem gjennomgangen som skal sikre at papirlause menneske i Noreg får tilgang på dei helsetenestene dei har rett på? Grunngevinga for spørsmålet er mellom anna kunnskapsgrunnlaget om papirlause menneske i Vestland. I grunngevinga omtalar Hussein også samarbeidsforumet, konferansane og dei fleire prøveordningane som er sett i gang for å forbetre tenestetilbodet til papirlause menneske.

Helse- og omsorgsministeren svarar med at departementet i tildelingsbrevet til Helsedirektoratet for 2025, vil gje direktoratet i oppdrag å utarbeide eit nytt rundskriv om helsehjelp til personar utan fast opphald. Vidare vil departementet be Helsedirektoratet om å vurdere behov for anna informasjon retta mot den aktuelle persongruppa på ulike språk, og om informasjonen bør vere elektronisk tilgjengeleg.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering har avgjerdsmynde etter punkt 3.3: fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar innanfor sitt arbeidsområde.

Medverknad

Ingen av medverknadsorgana har vore involvert i saka.

Vurderingar og verknader

Administrative/økonomiske konsekvensar:

Løyvinga vert dekt av midlar løyvd av fylkestinget i PS 138/2024 i møte 12.12.2024 under posten «Betre situasjonen for ureturnerbare papirlause». Vedtaka har ikkje nemneverdige administrative kostnader.

Klima:

Direktør kan ikkje sjå at vedtaka har konsekvensar for klima.

Folkehelse:

Vedtaka er i tråd med FNs berekraftsmål 11 – berekraftige byar og lokalsamfunn. FNs berekraftsmål 3 – god helse og livskvalitet. FNs berekraftsmål 1 – utrydde fattigdom. FNs berekraftsmål 10 – mindre ulikskap. FNs berekraftsmål 17 – samarbeid for å nå måla. Regional plan for folkehelse 2022-2025 – Fleire gode leveår for alle har positiv verknad for folkehelsa. Tiltaka bidreg både til inkludering av ei gruppe menneske som lev på kanten av samfunnet, og påverkar livskvaliteten positivt for desse menneska.

Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 (Regional planstrategi):

Tiltaket støttar opp om satsingsområdet demografi og likeverd og målet om at Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket.

Tiltaket støttar opp om strategi 6 i utviklingsplanen om at Vestland skal styrke innsatsen for å redusere sosial ulikskap og utvikle eit mangfaldig og inkluderande samfunn. Strategien seier vidare at Vestland skal vere eit mangfaldig og inkluderande samfunn med høg tillit som styrker grunnleggjande menneskerettar og lokaldemokrati. Alle innbyggjarar skal sikrast sosial rettferd og like livssjansar.

Konklusjon

Direktør tilrår at Hovudutval for kultur, idrett og inkludering vedtek å tildele dei tre organisasjonane Kristent Interkulturelt arbeid Vest (KIA Vest), Mennesker i Limbo og Kirkens bymisjon midlar til å halde fram med transportstønadsordninga som tidlegare, med KIA som administrator for halvårskort frå Skyss. Direktør tilrår å løyve midlar til Kirkens bymisjon til tannhelsehjelp til papirlause.